

MÅNADSBREV OM MAT OG LANDBRUK I VERDA

Nummer 5 2024. Utgitt av Internasjonalt utval i NBS, redigert av Olav Randen. boksmia@online.no.

I disse breva finn lesaren materiale om mattilgangen i verda, frå FAO, La Via Campesina, Friends of the Earth og andre kjelder. Me skriv om aktuelle saker, nye analysar og bakgrunnsartiklar. Brevet blir sendt elektronisk til dei som melder interesse, bruk adressa over. Brev kan også lastast ned frå NBS sine heimesider.

Temaa for dette nummeret er poteter, som eit norsk bidrag til FAOs Internasjonale potetdag 30. mai.

Har du som les, stoff du meiner bør inn i brevet eller andre tilbakemeldingar, så skriv – eller kontakt oss i Internasjonalt utval, adresseliste på side 4 i dette brevet.

30. MAI – DEN INTERNASJONALE POTETDAGEN

Den 30. mai i år markeres den første internasjonale potetdag. FAO, FNs organisasjon for mat og landbruk, har tatt initiativet. Målet er å gjøre dagen til en global begivenhet for å øke bevisstheten om potetens rolle i verdens matsikkerhet, ernæring og økonomiske utvikling.

POTETENS GLOBALE BETYDNING

Poteten er med en årlig produksjon på 374 millioner tonn, nesten 50 kilo per innbygger på kloden -- den tredje mest produserte veksten i verden, etter ris (630 millioner tonn) og hvete (530 millioner tonn). Den spiller en avgjørende rolle i både utviklede land og utviklingsland. Kina er verdens største potetprodusent med rundt 70 millioner tonn årlig.

Med sitt høye innhold av karbohydrater, vitaminer og mineraler gir poteten næring til milliarder av mennesker og bidrar til global matsikkerhet. Den er ikke bare en matressurs, men også en viktig kilde til inntekt for millioner av småbrukere.

HØSTE MANGFOLD, GI HÅP

Temaet for den internasjonale potetdagen 2024 er «*Høste mangfold,*

gi håp». Det finnes per i dag over 5000 kultiverte potetsorter i verden, hvorav de fleste blir brukt av urfolkssamfunn i Andesfjellene, potetens «fødestue».

klimaforandringer, noen er robuste mot skadedyr og plantesykdommer, og noen gir avling også på svak vekstjord og i kaldt klima.

Men andre ord, det genetiske mangfoldet blant de 5000 kultiverte artene og de 180 ville slektingene gir et fantastisk grunnlag for å møte dagens og fremtidige utfordringer innenfor matproduksjon.


Med potetdagen ønsker verdensorganisasjonen å rette fokuset på følgende fire hovedpoeng:

BEDRE PRODUKSJON

- Bærekraftig skadedyrbekjempelse må utvikles, evalueres og gjøres tilgjengelig for bønder verden over.
- Nye sorter bidrar til å møte etterspørselen etter lokalt tilpassede og klimavennlige varianter.
- Bønder må ha tilgang til friske settepoteter av godt tilpassede og produktive varianter som er best egnet til de spesifikke områdene.
- Bønder trenger støtte for å få tilgang til agronomisk opplæring og teknologier for å øke avkastningen og minimere tap og avfall.

BEDRE NÆRINGSSTOFFER

- Poteter er rike på vitamin C og bidrar dermed til å forhindre skjorbuk.



Alle disse sortene gjenspeiler et nesten uoverskuelig mangfold av forskjellige farger, fasonger, næringsstoffer og med unike egenskaper. Noen sorter er tolerante mot

FAKTA OM POTETER

- Med sine minst 5000 varianter spiller mangfoldet av poteter en avgjørende rolle for global matsikkerhet og ernæring.
- Potet er den tredje mest konsumerte matveksten globalt, etter ris og hvete, og er dermed viktig for milliarder av mennesker.
- To tredjedeler av verdens befolkning har poteter som en del av kostholdet sitt.
- Til tross for en nedgang på 17 prosent i det globale potetarealet fra 2000 til 2020 økte den totale produksjonen med 11,25 prosent.
- Rundt om i verden er kvinner på landsbygda avgjørende for bevaring, planting, høsting og markedsføring av poteter. I mange utviklingsland sørger kvinner tradisjonelt for mesteparten av arbeidet i potetproduksjon.
- Totalt sett dyrker 159 land i verden poteter på i alt 17,8 millioner hektar. Årlig produseres det 374 millioner tonn poteter i verden.
- Poteter inneholder antioksidanter, som hjelper til med å beskytte kroppen. Antioksidantene kan bidra til å opprettholde sunne kolesterolnivåer og forebygger mot hjerte- og karsykdommer
- Poteter brukes også til å produsere biobaserte produkter som biologisk nedbrytbare materialer. Potetstivelse brukes som et bærekraftig alternativ til tradisjonelle plastmaterialer. Disse materialene basert på potetproteiner og stivelse kan brukes til ulike emballasjer, som matkåp og medisinerbeholdere. De er glutenfrie og miljøvennlige, noe som gjør dem til et smart valg for matindustrien.
- Den 12 000 hektar store potetparken i Andesfjellene nær Cusco i Peru er en av få bevaringsinitiativer der lokale urfolk samfunn forvalter og beskytter sine potetgenetiske ressurser og tradisjonelle kunnskaper om dyrking, plantevern og avl. Dette kan tjene som en modell for andre urfolkssamfunn fordi biologisk mangfold bevares best i sitt naturlige miljø og forvaltes av urfolk som kjenner det best, samtidig som arbeidet inspirerer til potetforskning i alle land.

- Poteter er rike på kalium, en elektrolytt som bidrar til riktig funksjon av hjerte, muskler og nervesystem.
- Potetskallet inneholder kostfiber, som er viktig for fordøyelsessystemet.
- Næringsverdien av poteten er sterkt avhengig av sorten, klima, jord, dyrkingsteknikker, lagringsforhold, bearbeiding og tilberedning.
- Mens poteter kan være en del av et sunt kosthold, avhenger dette av mengden som konsumeres, hvordan de bearbeides, tilberedes og kokes, og balansen med resten av kostholdet.

BEDRE MILJØ

- Dyrking av et bredt spekter av produktive varianter som er tilpasset lokale forhold, kan øke robustheten i potetproduksjon.
- Dyrking av potetsorter som er effektive i bruk av innsatsfaktorer (gjødsel, plantevern) og samtidig er hardføre, kan redusere miljøavtrykk.
- Samplanting av potet og belgvekster eller vekselbruk krever mindre kunstgjødsel og reduserer dermed klimagassutslippene.

- Miljøvennlige metoder som presisjonsvanning og konserverende/regenerative metoder bør utvikles, evalueres og tas i bruk.
- Verdikjeden for poteter, fra dyrking til bearbeiding for økt verdi og emballasje til markedsføring, gir enorme muligheter for anstendig sysselsetting for både land- og byfolk, ikke minst for kvinner og ungdom.
- Produksjon og markedsføring av potetbaserte snacks er en voksende industri i urbane områder. Det gir muligheter for entreprenørskap for unge mennesker.
- Småbrukere, som er voktere av det brede mangfoldet av poteter, kan forbedre sine levevilkår gjennom bedre tilgang til teknologier og markeder.

GLOBALT SAMARBEID OG FORSKNING

Forskningsinstitusjoner, landbruksorganisasjoner og myndigheter over hele verden må oppfordres til å samarbeide for å utvikle nye potetsorter som er mer motstandsdyktige mot sykdommer og skadedyr, og som krever færre ressurser. Slike innovasjoner er avgjørende for å ivareta jordas helsetilstand og for

å sikre at potetproduksjonen kan møte etterspørselen fra en voksende global befolkning.

AKTIVITETER OG MARKERINGER RUNDT OM I VERDEN

I anledning den internasjonale potetdagen vil det bli ulike aktiviteter og markeringer verden over. Landbruksmesser, seminarer og konferanser vil bringe sammen forskere, bønder, politikere og forbrukere for å diskutere potetens fremtid og dele kunnskaper om bærekraftig praksis. Matlagingskonkurranser og matfestivaler vil feire poteten i all sin kulinariske prakt, fra tradisjonelle retter til nye oppskrifter og oppskrifter fra andre områder.

PEDAGOGISKE INITIATIV

For å øke bevisstheten blant unge om potetens betydning vil skoler i mange land delta i utdanningsprogrammer som fokuserer på potetdyrking, ernæringsmessige fordeler og bærekraftig landbruk. Workshops og interaktive aktiviteter vil engasjere elever og inspirere neste generasjon til å verdsette og videreutvikle poteten som en av menneskets bærebjelker.

POTETENS FREMTID I FOKUS

Poteten har en stor økonomisk og sosial betydning i mange land, spesielt i rurale områder, hvor potetdyrking er både mattilgang og inntektskilde for mange småbrukere. Ved å investere i potetdyrking og infrastruktur kan land forbedre sin matsikkerhet, stimulere lokal økonomi og redusere fattigdom.

Den internasjonale potetdagen 30. mai 2024 minner oss om potetens betydning for global matsikkerhet og økonomisk utvikling. Med dette håper FN å inspirere til positive endringer som vil sikre at poteten blir et enda viktigere bidrag til ernæringsmessig helse og økonomisk stabilitet i mange år framover.

René Cortis

LITT FRÅ VERDAS POTETHISTORIE

I 1918, det siste og for småkårsfolk verste året i første verdenskrig, gav det danske ernæringsrådet ut heftet *Agt paa Kartofflen, dyrk Kartofflen*, med disse orda:

«Et af de sidste – maaske det aller-sidste – Midler er og bliver Kartofflen. Det Land, hvori Kartoffel avlen staar i nogenlunde rigtigt Forhold til Sædavlens, kan ikke hjemsoeges af Hungersnød.»

Regjeringane i Norden påla kommunane å leige og parsellere ut privat jord. Militære areal vart dyrka opp, ledig jord ved jernbanar og offentlege vegar like eins, og jamvel danske kongsgardar. For som ei avis skreiv:

«Kartofler er Guld værd, og hvem ved, om de mod Aarets Slutning overbøvedet lader sig opveje med Guld?»

8000 ÅR

Men potethistoria byrja mange tusen år før det, i Andesfjella i Sør-Amerika. I åtte tusen år har indianarar i Peru og Chile dyrka poteter og bygt opp kunnskapar om den næringsrike, men også sårbare planta. Heile 5000 sortar finst. Inkaene dyrkar mange sortar samtidig. Om éin sort blir ramma av sjukdom, tørke eller regn, vil

andre greie seg. Og framleis finst minst 180 sortar villpoteter. Somme av dei kan gi grunnlag for nye slag matpoteter dersom det trengst.

Setjepoteter vart importerte til Europa etter Columbus, rundt år 1560. Det første kjende i Norden er at dei sist på 1600-talet sette poteter i den botaniske hagen i Uppsala.

Poteten vart ein vedundervekst for dei små i samfunnet. På eit lite matjord-areal, med eit grev som einaste reiskap og litt gjødsel i form av avføring frå dyr eller menneske kunne familien få nok poteter til å greie seg i periodar med matmangel.

Likevel tok lanseringa i europeiske land tid. I Norge var det først under og etter svoltperioden under Napoleonskrigane at potetedyrking slo gjennom for alvor.

«Taabelighed, Efterladened eller Vane har afholdt Mængden fra at saa de Frugt i nogen klækkelig Mængde»,

Dette skreiv den fremste av alle norske potetprestar, Peder Harboe Hertzberg, i boka *Underretning for Bønder i Norge om Den meget nyttige Jord-Frugt Potatos at plante og bruge*.

Men truleg var forklaringane på at lanseringa tok så lang tid, andre enn at folk var tåpelege og vane-

gjekk under namnet *lumpers*, truleg fordi mange irar var bryggesjauarar, lumpers. Denne potetvarianten, som ikkje finst lenger, skal ha vore nokså smaklaus, men gav vanlegvis store avlingar.

Sommaren 1845 var kald, våt og med ei merkeleg, svovelliknande lukt, men med brukande potetvekst. Men då irane opna jordkjellarane med lagra poteter att etter nokre veker, var potetene svarte utanpå, brune og slimete inni og ikkje etande. Tørråte, bladskimmelsoppen *Phytophthora infestans*, hadde kome i potetåkrane. Truleg kom sjukdommen på grunn av dampdrivne båtar. Medan setjepoteter frå Sør-Amerika tidlegare vart frakta på seglskip og reisa over Atlanterem tok så lang tid og med så mykje varme at tørråtesoppen ikkje overlevde, skjedde dampskipstransporten raskare, og med nye setjepoteter kom den øydeleggjande soppen til den grønne øya.

Halvannen million irar mista livet av svolt og svolttilknytte sjukdommar, og endå fleire emigrerte til Nord-Amerika. Det folke- og ressursrike landbrukslandet fekk folketalet halvert. Vaksne våga ikkje å gifte seg eller setje barn til verda. Folketeljinga i 1911 til dømes viste at fire-delen av dei vaksne i femtiåra ikkje var og ikkje hadde vore gifte. Også i andre europeiske land, kom den øydeleggjande soppen, truleg hardest i Nederlanda, men dei baserte seg på fleire matkjelder, så svoltten vart ikkje så dramatisk.

LITE VEKSTJORD, LITE REISKAPAR, TILPASSA SETJEPOTETER OG MEST MOGELIG KUNNSKAPAR

Potetedyrking kan gjerast maskinelt over store areal, men også manuelt på ein liten jordlapp og med grev og helst spade og hakke, i dei fleste typar jord tilgang til litt husdyr-



bundne. Potetsortane den tid var lite utprøvde og lite tilpassa nordisk klima og natur. Den dyrkingsmetoden som Hertzberg agiterte for, var svært omstendeleg og arbeidskrevjande, med ein meter djupe fører mellom radene-

IRLAND 1845-49

I Irland vart poteter basiskosten. Dei dyrka korn også, men frå 1801 var landet innlemma i Storbritannia, og stordelen av kornet frå kolonien vart sendt dit, stundom med væpna soldatar rundt lastebåtane. Den nesten einerådande irske potetvarianten

gjødsel og ein lapp med vekstjord. Opparbeiding av små jordlappar til poteter er til gagn meir enn til skade for landskap og biologisk mangfald. Avlingane av næringsrike og velsmakande planter blir høg i høve til arealet, i mange høve fleire tonn på målet. I tillegg til dette trengst frost- og gnagarfri lagring, som ofte kan skje i ein jordkjellar.

Det at matutbyttet er så stort og reiskaps- og arealbehovet så lite, har gjort at potetdyrking har vorte småkårsfolks landbruksdrift. I mange land er det kvinner meir enn karar som utfører og er engasjerte i arbeidet. Så vel i verdas småbruksbygder som i urbant landbruk i mange land er potetdyrking matauk, næringsrik mat og viktig inntektskjelde for småkårsfolk. Dei set poteter på små eigde eller leigde jordlappar, i vegskråningar og parkar – og i bytter og pallekarmar på hustak og verandaer.

Norsk bistandsarbeid slit med å nå ut til dei som treng det mest. Hjelp til potetdyrking, både i bygd og by, er eit satsingsfelt som kan fungere mange stader. Me kan sjå for oss hjelpepakker med setjepoteter av tilpassa slag, kanskje litt gjødsel frå husdyr, grev, hakke, ved behov ein felles vasspost og ein godt illustrert manual på lokale språk om dyrking, hausting, lagring og bruk av poteter, og at ein føresetnad for at område skal få tilgang til slike pakker er at dei styrande bidreg med å skaffe interesserte tilgang til jord. Eit slikt satsingsområde kan føre mange ut av fattigdom.

POTETDYR KING I NORGE

Om det tok lang tid før potetdyrking vart vanleg, vart landet med tida eit potetland. Snart vart poteter ein sentral del av kosthaldet til folk flest, tørka og malne, blanda i flatbrøddeigen og i grauten, og ikkje minst saman med saltsild. Kombinasjonen korn, mjølkeprodukt og poteter gav småkårsfolk allsidig og næringsrik mat og gjorde mykje til at folkehelsa vart betre og folk levde lenger. Gåva frå Peru er ei av forklaringane på at Norge tok steget frå fattigland til velstandsland.


Ikkje minst var potetene viktige i to verdskrigrar. På det meste, rundt 1950, vart det såleis i Norge dyrka poteter på nesten 600 000 dekar landbruksjord. Attåt kjem det uregistrerte, familiar med ein hagefleck eller ein leigd jordparsell med poteter til eiga forbruk.

	1900	1939	1950	1970	1990	2010	2023
Potetland, 1000 da	365	507	590	315	189	132	114
Avling, 1000 tonn	558	807	1116	857	487	332	314
Avling i kg pr. da	1529	1592	1892	2721	2577	2515	2750

Tabellen viser potetland, avling og avling per dekar i Norge på ulike tidspunkt.


Dei siste 50-60 åra har potetdyrkinga gått attende, til mindre enn femdel av arealet rundt krigen. På 1950-talet åtar kvar norske innbyggjar 80 kilo poteter i året. No er talet litt over 20 kilo. Ein stor del av potetene går til bearbeidde produkt som pommes frites og potetchips, noko til potetmjøl, glykose og sprit, og noko til dyrefôr.

Medan Norge lenge var sjølvberga med poteter, importerer me no kvar femte eller sjette potet. Og medan mange villaeigarar hadde potethage og blokkbuarar leigde eller lånte ein liten potetparsell for matauk med rein og sunn vare, mosjon, trivsel og kunnskapar om matproduksjon, er det nesten slutt. Rundt vår tids bustadhus er det grasplen, bilplass og kanskje eit blomsterbed, men korkje potetlende, pallekarmar for poteter, jordkjellar, grønsakåker, frukttrær eller bærbuskar.



Nedgang i potetproduksjon 1956-2016, figur utarbeidd av Statistisk sentralbyrå.

OR



Til venstre: Brosjyre utgitt av det danske ernæringsrådet 1918

INTERNASJONALT UTVAL NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG
Leiar Margit Fausko,
 e-post margit@smabrukarlaget.no
Ilona Drivdal,
 e-post ilonadrivdal@yahoo.no,
Jens Erik Furulund,
 e-post jensrik.furulund@gmail.com
René Cortis,
 e-post rene.cortis@gmail.com,
Audun Emil Tvedten,
 e-post audun.e.tvedten@gmail.com
Olav Randen,
 e-post boksmia@online.no